



--

Arkiv saknr:	2016/444
Løpenr.:	3652/2016
Arkivkode:	

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet		

Sakshandsamar: Gry Åsne Aksvik

Høring - Forslag om endringer i energilova

Dokument i saka:

- Prop. 35L (2015-2016) <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-35-l-20152016/id2465718/>

Bakgrunn:

Regjeringa foreslår i Prop. 35L (2015-2016) endringer i regelverket for dei kommunalt eigde nettselskapa. Det er forslag om eit lovpålagt skilje for alle selskap uavhengig av storleik, lokale tilhøve og tal på kundar.

Grunngjevinga for forslaget er at det skal redusere risiko for krysssubsidiering av anna verksemd og styrke nettselskapas nøytralitet i høve til anna konkurranseutsett verksemd. Denne målsettinga støttar Vinje kommune men meiner at dagens lov- og regelverk allereie dekker dette, mellom ana gjennom krav om skilje i rekneskapen.

Vurdering:

Etter sakshandsamar sitt syn støttar forslaget opp under regjeringa si uttrykte målsetting om større og meir robuste selskap. Forslaget er byråkratiserande og fordyrande, og med ein sterkt sentraliserande effekt.

Selskapsmessige strukturendringar i kraftbransjen bør skje gjennom eigarstyrte prosessar og ikkje som eit resultat av nye reglar. Kraftlaga ser ut til å ha tatt på alvor at samfunnet er i ei teknologisk utvikling som går fort. Dette vert i stadig aukande grad løyst gjennom samarbeid. På denne måten får også mindre og mellomstore energiverk henta ut stordriftsfordelar og vert tilført auka kompetanse.

Innføring av funksjonelt skilje for alle selskap, uavhengig av størrelse, er hovudproblemet i lovforslaget. Selskapsmessig skilje er kostnadsdrivande. Vi er kjend med at fleire selskap

har gjort utrekningar, blant anna gjennom EC Group, denne syner **årlege** meirkostnadar for bransjen på opptil 300 millionar kroner som følgje av forslaget.

Det er forbod mot kryssubsidiering i dag og det er ikkje, av det vi kjenner til, oppdaga tilfelle av dette hos kraftlaga i vårt område. Det å la nettet bera andre verksemders kostnadar, fører til større ineffektivitet hos nettverksemda, høgare tariffar og lågare overskot til eigarane - det er ikkje ønska. Slik det er no kan selskapa nytte ledige ressursar til andre verksemdsområde, noko som reduserer kostnadane for nettet og gjev meir effektiv drift. Å innføre krav om funksjonelt skilje med denne grunngevinga, er ein dyr måte å handtere eit problem som kanskje ikkje eksisterer – eller som i verste fall er helt marginalt.

Det er sjølvsagt at nettselskapa skal opptre nøytralt i høve konkurranseutsett verksemd. Dette har det vore fokus på i mange år, og er godt regulert. Når vi nå også får Elhub og automatiske målesystem (AMS) med krav om separate databasar for omsetting og nett, vil kraftleverandørane stille på like vilkår i høve til kvar ein kan hente data. Kravet om funksjonelt skilje gjev ingen gevinst her. Også nye strengare reglar om konkurranseutsetting bidreg til å sikre krav om nøytralitet i høve til val av leverandørar. Slik sakshandsamar ser det er nøytralitet godt ivareteke innafør dagens regelverk.

Eit funksjonelt skilje som gjev lågare effektivitet, høgare kostnadar og nett tariffar, vil over tid føre til fusjonar og større selskap. Dersom eit lite selskap i distriktet må fusjonere inn i eit større meir sentralt selskap, vert eigarskap og fokus på verksemda flytt frå distriktet. Dette vil over tid kunne føre til dårlegare beredskap og lengre tid for feilretting enn det same distriktet har i dag.

Europa har vurdert at for selskap med færre enn 100 000 kundar overstig kostnadane nytta ved selskapsmessig og funksjonelt skilje. Det kan ikkje vera riktig at vi i Norge med vår utfordrande geografi og gravgrendte busetting, har større nytte av og/eller lågare kostnadar enn europeiske selskap, ved innføring av eit slikt krav. Også i Europa er det få selskap som har krav om funksjonelt skilje, Noreg er ikkje i ei særstilling her. Av 3000 nettselskap er det heile 2700 selskap som har færre enn 100 000 kundar og er unntatt frå kravet om funksjonelt skilje.

Det er ei myte at våre mindre selskap ikkje er robuste. Tvert imot løyser ein oppgåvene sine godt i dag. I tillegg søker selskapa samarbeid på mange område for ytterlegare å redusere kostnadar og for å auke og dele eigen kompetanse. Både innkjøp, IKT- kompetanse og beredskap er område det blir samarbeidd på. Det blir spart store beløp gjennom felles innkjøp.

Utan lokale energiselskap, hadde det ikkje blitt breidbandsutbygging i store delar av landet, blant anna her i Vest-Telemark. Nasjonale aktørar har ikkje sett kortsiktig gevinst ved å investere. Då har selskap og eigarar saman sett langsiktig på avkasting ved utbygging av infrastruktur for breidband, framfor kortsiktig gevinst. Kostnadane for utbygginga er ikkje ført på nettverksemda, men er prioritert av eigarane i staden for utbytte frå nettverksemda. Dette syner også verdien av det lokale samfunnsansvaret som mindre og mellomstore energiselskap tar.

Selskapa står framfor store utfordringar blant anna som følgje av nye IKT-system. Handlingsrommet for selskapa bør ikkje avgrensast i ei tid med store omstillingar. Det må heller fokuserast på positive insentiv til kostnadsreduksjonar og auka innovasjon.

Forslag til høyringsuttale:

«Vinje kommune gir følgjande høyringsuttale:

Det blir vist til forslag om å innføre krav til selskapsmessig og funksjonelt skilje mellom nettverksemd og anna verksemd for alle energiføretak med inntektsramme fastsett av NVE.

Dette vil få konsekvensar for dei lokale energiselskapa som må delast opp. Det vil avgrense høvet for å oppretthalde lokale energiselskap som har vist seg kostnadseffektive og rasjonelle og som kan gje samfunnsøkonomiske gevinstar, då dei med kjennskap i lokale behov gjev god prioriteringseffektivitet. Det er viktig å kunne ha høve til å oppretthalde eit lokalt eigarskap til energiforsyninga av omsyn til utvikling av infrastruktur, næringsliv og samfunnstryggleik.

Vinje kommune ber om at kravet om selskapsmessig skilje blir avgrensa til selskap som har meir enn 100 000 strømkundar.»

Rådmannens framlegg til vedtak:

Vinje formannskap vedtek framlegget til høyringsuttale slik den er lagt fram.
--

Rådmannen, 17.02.16

Jan Myrekrok, rådmann /s/